

## Elevrådsrepresentantane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3198 - 15/37298

Saksbehandlar:

Hilde Marit Reigstad

Hilde.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

11.12.2015

## Referat frå elevrådsmøte 11.12.2015

Til stades: Lukas 4a, Mina 4b, Henrik 4d, Elias 5a, Frida 5b, Alexander 5c, Phillip 6a, Elias 6b, Thomas 7b, Malin 7c og Cassandra 7d. Representant i 7a og 4c har meldt fråfall pga aktivitetar i klassane.

12-2015/16    Evaluering av elevrådskafè.

Alt i alt synest ein kafèen gjekk greitt. Elevrådet meldar om stress i starten og då det blei tomt for hamburgerbrød. Her hadde det skjedd ein feil under innkjøp. Det blei kjøpt inn nye og alle fekk hamburger til slutt.

Fleire av elevane i elevrådet seier at dei fekk klagar frå medelevar. Dei kjem og med tilbakemelding om at det var mykje støy i vestibylen under kafèen. Elevrådsrepresentantane må snakke i klassane om køkultur. Det skal ikkje vere slik at elevrådsrepresentantar kvier seg til å ha kafè igjen. Alle er samde om at kafèen er eit kjekt tiltak for trivsel på Alversund skule og vil gjerne ha kafè igjen. Det fungerer greitt med listene i forhold til bestilling på førehand. Til neste kafè veit elevrådet litt meir om korleis det er å stå på innsida av kafèen.

13-2015/16    Årshjul i forhold til det psykososiale arbeidet

FAU har laga ei tårshjul for korleis samarbeidet mellom kontaktlærar og klassekontaktane bør vere. Målet er å skape eit godt miljø for elevar og foreldre i og utanfor klasserommet. Det er ønskjeleg at elevrådet kjem med ei tilbakemelding.

Elevrådet synest det er ok med ein plan for samarbeidet. Tommel opp for foreldrebidrag i skuletida, som felles frukost. Elevrådet er tydeleg på at lista over aktivitetar fint kunne ha vore ein del av skuledagen i tillegg til aktivitet på fritida. Dei ser viktigheita av å ha aktivitetar med klassen på fritida i forhold til at både skule, heim og ikkje minst dei sjølve må gjere sitt for å skape godt miljø og tilhøyr i klassen. «Alle med-tanken» blir viktig.

Fleire av aktivitetsforslaga blei godt tatt imot av elevrådsrepresentantane. Dei kom med tre ekstra forslag til aktivitetar: Ulike ballaktivitetar i gymsalen, t.d. fotballkamp mellom foreldra og elevane, 80- eller 90-talsfest og skuleball.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Nokre av elevane var positive til elevdeltaking på foreldremøte, mens andre var negative. Nokon var redde for at elevar då må unnskyld seg framfor klassen etc. Dei skjønnte etter kvart at det kunne vere greitt å få elevane sitt syn på enkelte saker, t.d. når elevane må ta ansvar eller har viktige innspel å komme med i ei sak.

14-2015/16 Profilerings av elevrådet

Fem elevar frå elevrådet har fått i oppdrag å lage ein plakat. På denne skal overskrifta vere «ELEVRÅDET». Det skal gjerast plass til eit bilete som er tatt av elevrådet og så skal det skrivast nokre linjer om kva elevrådet vil gjere for elevane ved Alversund skule. Plakatane blir laminert og hengt opp ulike plassar på skulen.

15-2015/16 Eventuelt

Thomas var på møte vedkomande ny Alversund skule i går. Det blir ny skule på ny tomt. Han fortel at møtedeltakarane fekk komme med innspel på korleis skulen skal sjå ut. Den skal vere hjartet i Alversund-bygda; ein skule som kan bli brukt til meir enn skule. Thomas trekte fram fleirbrukshall, storstove og rom for ulike aktivitetar på kveldstid i form av fritidsklubb. Ein ny skule på ny tomt kan og ha stort fokus på trafikktryggleik.

Det kom tilbakemelding på at fleire av låsane på jentetoalettet ved trimrommet er dårlege. Dette blir meldt inn til Eigedom.

Med helsing

Hilde Marit Reigstad  
inspektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Leif Bjørnar Hopland

**Mottakarar:**  
Elevrådsrepresentantane